

Vart køyrd heim

HØYANGER: Klokka 03:39 natt til laurdag tok politiet hand om ein mindreårig gut som vart funnen overstadig rusa i Høyanger sentrum. – Guten vart køyrt heim til familien sin, opplyser politiet.

Utløyste brannalarm

AURLAND: Brannvernet i Aurland rykte natt til søndag ut etter melding om at eit brannsløkkingsapparat var fjerna frå Gudvangatunnelen på E16. Det viste seg at brannsløkkingsapparatet var stole, opplyser politiet på loggen.



Synfaring i dalføra

LEIKANGER: NVE byr førstkomande onsdag inn til synfaring i dei to vassdraga i Leikanger som inngår i planen for Leikanger kraftverk. Det er fram møte ved Tinghus I klokka 09 og dagsprogrammet er stramt. Fram til klokka 16.00 skal ein nå over Henjadalen og Flya, Nyastøl-Store Trastadalsvatn, ei organiserast synfaring i sentrum, Stavsete og Grindsdalen. Etterpå vert det transport til Suppam, der den planlagde kraftstasjonen er tenkt bygd.



SISTE SJANSE: – Dersom kommunestyret i Luster går imot utbygging av Vigdøla (biletet) og vestsideelvane vil Statkraft beklaga dette, seier regiondirektør Svein Ove Slinde (innfelt).



Statkraft ber Luster tenkja seg godt om

■ ■ Store inntekter ■ ■ Flaumsikring ■ ■ Siste sjansen

LUSTER: – Dette er etter vårt syn ei miljømessig skånsam utbygging, og ved å seia nei til desse prosjekta vil Luster kommune og mange råka grunneigarar gå glipp av betydelege inntekter.

Det seier Svein Ove Slinde, regiondirektør i Statkraft. Han strekar under at Statkraft i arbeidet med utbyggingsplanane av Vigdøla og Vestsiddeelvane har lagt vekt på ein god dialog med kommunen, og trekkjer fram at Luster kommune ved fleire høve har bede Statkraft å ta opp att planane med bakgrunn i at prosjektet vil ha ein

stor flaumreduserande effekt for sideelvane til Jostedalen.

Unyansert

Så langt er det motstandarane av utbygginga som har vore mest aktive i media. I laurdagsutgåva av Sogn Avis fronta fleire grunneigarar ja-sida sine synspunkt. No kjem også utbyggjaren, Statkraft, på bana. Tysdag skal kommunestyret ta endeleg stilling til søknaden, og leiinga i Statkraft meiner det er rett å koma med nokre klargjeringar om dei positive sidene ved ei utbygging.

– Det handlar om evigvarande skatteinntekter på rundt fem millionar kroner kvart år, seier regiondirektøren, og legg til: – I utbyggingsavtalen ligg det også inne fem millionar i næringsfond og fem millionar til sikring og utbetring av

vegar, Vigdalsvegen og Leirdalsvegen, samt elvesikring.

Flaumsikring

Slinde trekkjer vidare fram utbygginga som viktig for flaumsikringa.

– Det handlar om flaumsikring av Vestsiddeelvane som historisk har gjeve store skader. Overføringa har kapasitet til å ta ein tredel av samla 100-års flaum for elvane. I tillegg gir det moglegheiter for lokalt næringsliv til å få kontraktar i samband med prosjekta. Til dømes har dette lukkast godt i Eiriksdalprosjektet i Høyanger – der har me lokale leverandørar innan anleggsverksemd og andre tenester, seier Slinde.

Erstatning

Regiondirektøren seier det

også ligg større grunneigarerstatningar enn det som har vore nemnt.

– Ut frå siste tids praksis i denne typen saker vil dei samla erstatningane til grunneigarar høgst truleg vera langt over 20 millionar. Det er umogeleg no å seia noko om kor mykje høgere dei vil vera, då me må ta atterhald til både utfall frå pågåande forhandlingar med alle grunneigarane og kva rettspraksis som vil liggja til grunn i denne saka, seier Slinde.

Skånsam

Han meiner vidare at den planlagde utbygginga i Jostedalen er skånsam for miljøet.

– Dette er ei utbygging med avgrensa naturinngrep, det handlar ikkje om å «tørrelegja eit heilt vassdrag». NVE set minstevassføring, og i

framlegget til regulering av Vigdøla er denne sett ekstra stor i sommarhalvåret. Vigdøla vil etter utbygginga ha att halvparten av vassføringa i eit normalår, seier Slinde, og legg til at det for Statkraft er siste sjanse til å byggja ut Vestsida då konsekvensane av at ein ikkje får konsesjon i denne runden vil vere at damrehabiliteringa i Tunsbergdalen må gjennomførast på dagens dam.

– Når ein fyrst har gjort denne store investeringa vil ei seinare heving vere uaktuell. Vidare vil eventuell småkraftutbygging hindra liknande prosjekt i framtida, samt at ordninga med grøne sertifikat fell vekk etter 2020, seier Slinde.

Kai Martin Brekke
kai.martin.brekke@sognavis.no